



Stendal VVS AS  
Blombakken 1  
5911 ALVERSUND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/2521 - 16/19868

Saksbehandlar:  
Reidun Iden Lædre  
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:  
27.10.2016

## Godkjenning - utslepp frå ein fritidsbustad GBNR 27/31

### Administrativt vedtak. Saknr: 341/2016

**Tiltakshavar:** Reidar J.Nielsen  
**Ansvarleg søkjar:** Stendal VVS  
**Søknadstype:** Søknad om utsleppløyve frå fritidsbustad

#### Saksutgreiing:

Det er i søknad, journalført 17.10.2016, og supplerande dokumentasjon motteke 27.10.2016, søkt om utslepp frå ein fritidsbustad i Drageneset 45. Utsleppet skal gå via ein 2m<sup>3</sup> slamavskiljar og derfrå i tett leidning til tidlegare etablert privat avlaupsleidning som går ut i sjø. Det ligg føre skriftleg erklæring frå eigar av den private avlaupsleidningen som gjev eigedomen gbnr 27/24,33 rett til dette. Slamavskiljaren skal plasserast i samsvar med motteke situasjonskart.

Vidare ligg det føre erklæring, dagsett 27.10.2016, frå eigar av gbnr 27/2 som gjev eigedomen gbnr 27/31 rett å leggje leidning over privat eigedom.

#### Vurdering:

Utsleppsløysinga det er søkt om er, etter administrasjonen si vurdering, i samsvar med gjeldande krav i området. Meland kommune kan difor gje utsleppsløyve som omsøkt på vanlege vilkår for slike utslepp og i medhald av «Forskrift om begrensing av forurensing»

#### Plan:

Eigedomen er i kommuneplanen for Meland vist som LNF-spreidd fritidsbustad. Tiltaket er ikkje i strid med kommuneplanen sin arealdel for Meland.

#### Nabovarsel:

Tiltaket er nabovarsla 07.10.2016. der ligg ikkje føre merknader.

#### Plassering:

Tiltaket skal plasserast som vist på motteke situasjonskart, journalført 17.10.2016.

#### Ansvarsrettar:

Det er erklært ansvarsrett frå føretaket Stendal VVS, org.nr. 980626180, for SØK, PRO og UTF , for kopling av slamavskiljar og inn på eksisterande leidning til sjø.

Det er erklært ansvarsrett frå føretaket Stein Olav Sagstad, org.nr. 9767683337, for terrengarbeid og graving.

#### **Vedtak**

«Meland kommune gjev i medhald av «Forskrift om begrensing av for urensing» sin § 12- utsleppsløyve frå ein fritidsbustad på gbnr 27/31, i samsvar med søknad journalført 17.10.2016 og supplerande dokumentasjon motteke 27.10.2016 og på følgjande vilkår:

1. Avlaupet skal gå via slamavskiljar på 2m<sup>3</sup> av godkjend type.
2. Frå slamavskiljaren skal avlaupsvatn førast i tett leidning og knytast til tidlegare etablert privat avlaupsleidning som går ut i sjø.
3. Slamavskiljar skal plasserast slik at den kan tømmast frå slamsugebil i samsvar med vedtekter om slamtømming.
4. Eigedomen skal betale slamgebyr til kommunen i samsvar med gjeldande gebyrregulativ.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendte erklæringar og gjennomføringsplan, jf pbl § 23-3.»

Gebyr for sakshandsaming vert sendt til tiltakshavar.

#### Bortfall av løyve:

Er arbeidet ikkje igangsett seinast 3 år etter at løyve er gjeve, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn 2 år, fell retten til å etablere utsleppet vekk. Dersom utsleppet framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

#### Mynde:

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

#### Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke.

Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre  
konsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Kart utslepp 27-31

**Kopi til:**

Reidar J. Nielsen

Bredalsmarken 17 5006

BERGEN

**Mottakere:**

Stendal VVS AS

Blombakken 1 5911

ALVERSUND